

Fra: Christel Villanger Håland <christel@villanger.net>
Sendt: torsdag 15. september 2022 21:26
Til: Postmottak Alver; Ove Gundersen
Emne: Arealdel Alver Kommune

Tillet meg å sende vanleg e-post i samband med innspel til arealdel fir Alver. Fekk desverre berre feil ved oppkoplinga til lenka som låg på heimesida.

Ynskjer å koma med eit innspel til området på Mangersneset, området som er sett av til LNF SB. Området stoppar opp i nord mot grensa til frådelt tomt 444/74. Denne tomten var frådelt mange år før Kommuneplanen i Radøy vart vedteken i 2011.

Det verkar unaturleg at Ikkje området strekkjer seg over denne eigedommen og at det naturleg avsluttar i nord, inn mot eksisterande veg. Eller at det går heilt mot den nordligaste eigedommen (også ein av dei nyaste oppførte einebustadane på den sida og der sør). Då ville det sett meire naturleg ut og heile området vart ein forlengelse og fortetting av eksisterande bebyggelse. Det er også bebyggelse i vest mot sjø. Området på denne sida av hovudvegen er difor allereie «godt brukt».

Området er ikkje stort (ikkje mykje tilgjengeleg ledig areal) slik det er no og det vil ikkje utløysa mange mulige nye einebustader, men fordeler seg over fleire grunneigarar, slik det var tenkt den gongen Radøy Kommune tok dette med.

Eg skriv dette då eg var med i politisk utval og gjorde vedtaka i Radøy i 2011. Me såg i etterkant at dette i planen, vart noko annleis, enn tanken me hadde om dette området.

Vonar innspelet kan vurderast og at ein kan få positivt resultat. Det ville vore svært gledeleg.

Lukke til vidare med det store og viktige arbeidet.

Med venleg helsing

Christel Villanger Håland

Mobil: +47 93 02 51 56

E-post: christel@villanger.net